

Kristin Svardal  
Bjerga  
6963 Dale i Sunnfjord

NVE  
Konsesjonsavdelinga v/Steinar Pettersen

Angående konsesjonssøknad for Steindal Kraftverk, Flora kommune

Viser til endringsmelding frå BKK og tidlegare konsesjonssøknad for Steindal Kraftverk.

Eg vil få presisere at eg pr. dags dato ikkje har inngått nokon avtale med Småkraft/BKK. At Småkraft hevdar dei har avtale med meg må, i beste fall, vere mot betre vitande.

Eg ser av endringsmeldinga at inntaket for Støylselva framleis er tenkt plassert på min eigedom, (gnr 90 bnr 1 i Flora kommune). Småkraft har ikkje på noko tidspunkt funne det naudsynt å informere meg om planene. Før første konsesjonsrunde fekk eg det klare inntrykk av at inntaket skulle flyttast bort frå min eigedom, difor såg eg ingen grunn til å sende inn fråsegn til konsesjonssøknaden. Dette er no endra, og eg ber om at de tek denne fråsegna til etterretning.

Småkraft nektar å forholde seg til det faktum at Støylselva, utan tvil, ligg i sameige (Jordskifte 17/12-1991). Den same sameiga hevdar eg, og fleire med meg, at også gjeld for dei andre elvene i Svardals utmark. Krav om rettsutgreiing er difor sendt inn til jordskifte i Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett. Skogsvegen Småkraft vil nytte er like så ei sameige regulert av jordskifte (1982) og kan ikkje utan vidare nyttast/leigast bort av den einskilde grunneigar.

Ei eventuell utbygging kan difor ikkje starte før eigedomstilhøva er endeleg fastslått. Ei heller før Småkraft har inngått avtale med alle berørte grunneigarar.

Dale 28/8-2013

Kristin Svardal